

TIL
ORIENTERING

INNKALLING TIL STYREMØTE I NGIR

Det vert styremøte i NGIR *tysdag* 13.10.15, kl. 13.30 i Kjevikdalen.

Sakliste:

- Sak 10/15 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 11/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 12/15 Meldingar
 - a. Diverse munnleg orientering
- Sak 13/15 Investeringsbudsjett 2016
- Sak 14/15 Driftsbudsjett 2016
- Sak 15/15 Renovasjonsgebyr 2016
- Sak 16/15 Slamgebyr 2016
- Sak 17/15 Økonomiplan 2016-2019

Moglege andre saker.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei snarast mogleg gje melding til administrasjonen, slik at me kan kalla inn varamedlem.

Kjevikdalen, 06.10.15

Helge Fjellanger
styreleiar


Erlend Kleiveland
dagleg leiar



STYREMØTE

Møtedato: 13.10.15

Sak nr: 13/15

Sakshandsamar: Bjarne Nesse / EK

Investeringsbudsjett 2016

Fylgjande investeringar er planlagt i 2016:

Skildring	Vedteke i 2015	Vedteke i øk.plan for 2016	Endring av vedtak / nytt vedtak	Sum 2016
Oppgradering av deponi		1 000 000		1 000 000
Hjullastar (anbud 2015, levert 2016)	2 000 000			2 000 000
Truck		500 000		500 000
Trommelsikt slam (utsett frå 2015)	2 800 000			2 800 000
Betongplate og hall til slamkompostering			+ 5 000 000	5 000 000
Rankevendar til slam			+ 3 000 000	3 000 000
Reinseanlegg sigevatn		10 000 000	+ 3 000 000	13 000 000
Lastebil med hengar (anbud 2015, levert 2016)	2 100 000			2 100 000
Tomteareal	2 000 000		+ 1 000 000	3 000 000
Konteinarar		1 500 000	+ 1 000 000	2 500 000
Dunkar		500 000		500 000
Diverse		1 500 000		1 500 000
Utviding adm.bygg (utsett til 2017)		4 000 000	- 4 000 000	0
Betongplate sortering av treverk (utsett til 2017)		1 000 000	- 1 000 000	0
Sum	8 900 000	20 000 000	7 000 000	36 900 000 *

* Det er planlagt investeringar for kr 36 900 000 i 2016. Vedtak av dette investeringsbudsjettet inneber å auka investeringar med kr 13 000 000 i forhold tidlegare budsjett og økonomiplan og utsetja investeringar på kr 5 000 000 i forhold til økonomiplanen. Nettoeffekten i 2016 er auka investeringar på kr 8 000 000 i forhold til tidlegare budsjettvedtak for 2015 og økonomiplan for 2016. Det er ikkje trong for å gjera låneopptak til investeringane.

Oppgradering deponi

Som budsjettert i økonomiplanen.

Hjullastar

Utsett frå 2015. Den eldste hjullastaren treng skiftast. Ute på anbud i haust med levering over nyttår.

Truck

Eine trucken er moden for utskifting.

Slam

Administrasjonen har henta inn prisar på ekstern kompostering og avsetjing av slam. Det vil ha ein årleg kostnad på 2,3-2,5 millionar kroner. Utrekningar viser at det vil verta monaleg rimelegare for kundane at NGIR gjer dette sjølv (0,5-1 millionar kroner rimelegare). Målsetjinga vil då vera å få ut eit produkt i marknaden frå 2017. Det var tidlegare budsjettert med at slam kunne komposterast utandørs oppå deponiet og då trong ein berre ei trommelsikt.

Administrasjonen har studert ulike komposteringsmetodar og konkluderar med at dersom NGIR skal halda fram med slamkomposteringa innanfor gjeldande regelverk, må dette skje på fast dekke under tak. Dette krev følgjande investeringar:

Trommesikt slam

Ferdig kompostert slam må siktast før det kan omsetjast. Utsett frå 2015.

Betongplate og hall til slamkompostering

Det er budsjettert med 3 mål betongplate, plasthall til kompostering og eit enkelt tak der slam ligg til ettermodning.

Rankevendar til slam

For å sikra at slammet oppnår høg nok temperatur i heile massen, må slammet vendast jamnleg. P.t. gjer NGIR dette ved hjelp av hjullastar, men dersom ein skal fortsetja med det innandørs, må arealet på hall og plate vera monaleg større (ein rankevendar brukar berre arealet som ranken opptek, ein hjullastar treng stort areal kring rankane for å arbeida). Ein rankevendar reduserer også opphaldstida til slammet (og dermed naudsynt areal) fordi rankane vert betre blanda.

Reinseanlegg sigevatn

NGIR har fått grovkalkyle på bygging av reinseanlegg. Kalkylen er på 11,2 millionar kroner. Detaljprosjekteringa vil kunna avdekka fleire kostnadselement og administrasjonen rår difor til at posten vert auka frå 10 millionar kroner til 13 millionar kroner.

Lastebil med hengar

NGIR har 2 lastebilar. Den eldste treng skiftast grunna høge vedlikehaldskostnader. Bilen var ferdig avskrive i 2008. Bilen er ute på anbod i haust med levering over nyttår.

Tomteareal

Det var budsjettert med kjøp av tilleggsareal i Kjevikdalen og på Manger. Taksten på tilleggsareal på Manger var kr 2 000 000 for 3 mål. Dette fører til at budsjettet må aukast, men også at arealet ein vurderer å kjøpa må reduserast.

Konteinarar

Ein av konklusjonane etter brannen i september kan verta at avfallet frå gjenvinningsstasjonane i større grad må lagrast i konteinarar fram til det er folk i omlastingshallen. I så fall treng ein fleire konteinarar enn det som låg i økonomiplanen for 2015-2018.

Dunkar

Som vedteke i økonomiplanen for 2015-2018.

Diverse

M. a. tak over diverse væsker frå biltapping, lite mellomlager til farleg avfall (forskyve frå 2015), nytt rotatoraggregat til truck, ny graveskuffe m.m.

Utviding adm.bygg

Utsett til 2017. Truleg vil ein ikkje koma i gong med bygging før tidlegast årsskiftet 2016/2017.

Betongplate til sortering av treverk

Utsett til 2017. Det var planlagt at kompostering av slam skulle skje der ein kvernar og lagrar treverket, men når slammet vert flytta til betongplate anna stad på anlegget, vil ein kunna handsama treverket på deponiet ei stund til.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner fylgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2016
Oppgradering av deponi	1 000 000
Hjullastar (anbud 2015, levert 2016)	2 000 000
Truck	500 000
Trommelsikt slam (utsett frå 2015)	2 800 000
Betongplate og hall til slamkompostering	5 000 000
Rankevendar til slam	3 000 000
Reinseanlegg sigevatn	13 000 000
Lastebil med hengar (anbud 2015, levert 2016)	2 100 000
Tomteareal	3 000 000
Konteinarar	2 500 000
Dunkar	500 000
Diverse	1 500 000
Sum	36 900 000



STYREMØTE

Møtedato: 13.10.15

Sak nr: 14/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Driftsbudsjett 2016

Vedlegg: Driftsbudsjett 2016 fordelt på avdelingar
Kommentarar til postar som er endra frå budsjett 2015

I vedlagde driftsbudsjett for 2016 finn ein alle samlekontoar som NGIR i 2016 budsjetterer inntekter og kostnader på. Avvik frå budsjettet for 2015 er forklart.

Budsjettet er fordelt på 4 avdelingar:

- Hushald/hytter
- Næring
- Slam
- Bilvrak

Det er budsjettert med eit underskot på kr 2 510 000, fordelt på - kr 1 604 000 på hushald, - kr 444 000 på næring, - kr 462 000 på slam og kr 0 på bilvrak. Underskota på hushaldsavfallet og slam vert dekkja av utjammingsfondet. Underskot på næringsavfallet vert dekkja av eigenkapitalen (tidlegare års overskot på næringsavfall).

NGIR har eit utjammingsfond for hushalda på kr 5 801 935 ved starten av 2015. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjammingsfondet og budsjettert bruk av utjammingsfondet for 2015, vil fondet vera om lag 840 000 kroner ved utgongen av budsjettåret.

NGIR har eit utjammingsfond for slam på kr 2 706 924 ved starten av 2015. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjammingsfondet og budsjettert endring for 2015, vil fondet vera om lag 1,09 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

Utrekningane av sjølvkostresultat og utjammingsfond er vist under:

	Hushald	Slam
Resultat 2016	-1 604 000	-462 000
+ Rentekostnader	216 512	46 305
- Renteinntekter bankinnskot	262 878	7 806
- Kalkulatorisk rentekostnad	681 620	84 446
= Sjølvkostresultat	-2 331 986	-507 948
Utjammingsfond 01.01.2015	5 801 936	2 706 924
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2015	-2 714 013	-1 173 942
Kalkulert rente utjammingsfond 2015	54 489	46 485
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2016	-2 331 986	-507 948
Kalkulert rente utjammingsfond 2016	29 238	19 534
Utjammingsfond 31.12.2016	839 663	1 091 053

Inntekts- og kostnadsfordeling

I budsjettet ligg det mange inntekter og kostnader som er fordelt mellom dei 4 avdelingane ved hjelp av fordelingsnøklar. Det er også mange inntekts- og kostnadspostar som berre tilhøyrer ei avdeling, og difor ikkje treng fordelingsnøklar. Når rekneskapen vert avlagt, vert fordelingsnøklar gjennomgått og korrigert der det er mogleg, t.d. ved endra avfallsmengde, timetal etc.

Inntekter

93,0 % av inntektene vert direkte ført mot korrekt avdeling, medan resterande 7,0 % vert fordelt etter fordelingsnøklar. Eit døme på inntektspost med fordelingsnøkkel er skrapjern/metall. Der er fordelingsnøkkelen rekna utifrå forventa tal tonn skrapjern/metall som vert levert til NGIR frå hushald og næring. Fordelingsnøkkelen er korrigert for forventa sal av edelt metall frå verksemder (til høgare verdi per tonn enn vanleg skrapjern).

Kostnader

31,7 % av driftskostnadene er direkte ført mot korrekt avdeling, utan fordelingsnøkkel. Døme på dette er transport av avfall inn til NGIR, der NGIR har einingsprisar på dei ulike oppdraga, og difor kan føra direkte mot rett konto.

23,2 % av driftskostnadene er ført med fordelingsnøklar, der fordelingsnøkklane enkelt kan etterprøvast i forhold til å telja tal tonn osv. Døme på dette er handsaming og transport av restavfall ut frå NGIR. Kostnaden vert fordelt i forhold til kor mange tonn avfall det kjem inn frå hushald og næring.

26,3 % av driftskostnadene er knytt opp mot personal, og vert fordelt med fordelingsnøkkel. Nøkkelen vert laga ved å nytta årsløn til den einskilde tilsett, med justering for stillingsstorleik. Kvar stilling vert gjennomgått i forhold til tidsbruk på ulike avdelingar. For dei stillingsprosentane som vert nytta på gjenvinningsstasjonane, vert alle kostnadene knytt til hushalda.

For dei stillingsprosentane som er knytt til sorteringsanlegget, vert kostnadene fordelt utifrå tidsbruk på papir/papp/plast/drikkekartong. Tidsstudiar ligg til grunn for tidsbruk og gjennomsnittleg personellbruk per avfallstype. Tida og tal personar per avfallstype vert så vektta mot tal tonn som kjem inn frå hushald og næring, og multiplisert med løna den einskilde stillinga som er knytt til sorteringsanlegget.

På uteanlegget vert kostnadene i hovudsak fordelt etter kor stor del av dagane dei ulike maskinene er i bruk (fordi det aller meste av arbeidet skjer med maskin, og det er enkelt å telja timar på maskinene). Den einskilde maskina er fordelt på ulike oppgåver, og dei ulike oppgåvene består av arbeid som gjeld dei 4 avdelingane. Dette vert deretter vektta etter t.d. tal tonn avfall frå hushald/næring etc.

For administrasjonen vert timane fordelt skjønsmessig. Nokre stillingar er knytt berre mot hushald, og difor lett å "fordela". Hovuddelen av kostnaden med leiargruppa, og noko merkantilt, vert ikkje teke med når ein utarbeider fordelingsnøkkel, men kostnaden vert lagt til når fordelingsnøkkel er ferdig utarbeidd. Dette fordi ein reknar leing og noko merkantilt som naudsynte funksjonar, uavhengig av fordeling av anna tidsfordeling mellom avdelingane.

10,9 % av driftskostnadene er avskrivningar, og det er utarbeidd ein fordelingsnøkkel for kvart avskrivingsobjekt som er delt mellom dei 4 avdelingane. Nokre av investeringsobjekta treng ikkje fordeling, som t.d. gjenvinningsstasjonar og kompostbingar, som vert belasta 100 % på hushalda. Andre avskrivingsobjekt kan verta fordelt etter tal tonn (reinseanlegg, deponi) eller

timebruk (lastebil). Maskinene som nemnt over, vert gjennomgått og fordelt etter bruk, men vert vekta i forhold til avskrivingsverdi, slik at ei maskin som er avskrive ikkje tel med i fordelingsnøkkelen. Sorteringsanlegg vert fordelt på om lag same måte som for personal (tidsbruk fordelt på hushald og næring). Budsjettert avskrivning vert gjort utifrå forventa økonomisk levetid per avskrivingsobjekt. Denne vert multiplisert med fordelingsnøkkelen, og summert saman til ein fordelingsnøkkel som vert nytta både på avskrivningar og rentekostnader.

Resten av driftskostnadene (7,9 %) har ulike fordelingsnøklar, men same fordelingsnøkkel som for personal er ein del brukt fordi kostnadsdrivarane for mange aktivitetar samsvarar godt med timeforbruk.

Det er ikkje budsjettert med avsetning til etterdriftsfond frå hushalda (framleis avsetjing til etterdriftsfond frå næringsavfall). Kwart år genererer kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar sjølvkostresultatet at eigenkapitalen aukar med mellom ca. 0,7 og 1 million kroner . Dette skjer fordi dei kalkulatoriske rentekostnadene er større enn dei reelle rentekostnadene. Avsetning til etterdriftsfond er føreslått skjer ved at ein tek pengar frå eigenkapitalen og set av til etterdriftsfondet. Dette gjer at gebyra kan haldas lågare utan at ein kjem i konflikt med kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar etter sjølvkostprinsippet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2016.

	Hushald	Næring	Slam	Bilvrak	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Endring
DRIFTSINNTEKTER							
Handsaming	24 794 000	20 315 000	1 343 000	0	46 452 000	46 137 000	0,7 %
Transport	26 134 000	4 883 000	5 857 000	0	36 874 000	35 190 000	4,8 %
Sal	4 738 240	6 128 586	0	1 721 174	12 588 000	12 018 000	4,7 %
Leige	3 459	1 964 232	103	207	1 968 000	1 818 000	8,3 %
Andre driftsinntekter	90 000	7 000	0	0	97 000	94 000	3,2 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	55 759 699	33 297 818	7 200 103	1 721 380	97 979 000	95 257 000	2,9 %
DRIFTSKOSTNADER							
Vareforbruk	873 208	289 792	292 000	0	1 455 000	1 414 000	2,9 %
Handsaming av avfall	3 614 444	2 432 556	0	0	6 047 000	5 597 000	8,0 %
Steinuttak	0	3 060 000	0	0	3 060 000	2 432 000	25,8 %
Transport inn	17 887 000	4 791 000	5 516 000	0	28 194 000	28 559 000	-1,3 %
Personal	15 256 732	9 843 935	453 028	911 305	26 465 000	25 212 000	5,0 %
Avskrivningar	5 480 402	3 831 261	1 172 174	450 163	10 934 000	10 695 001	2,2 %
Transport ut	7 365 366	3 779 634	0	0	11 145 000	10 484 000	6,3 %
Energi til produksjon	663 579	610 136	47 595	64 690	1 386 000	1 254 000	10,5 %
Kostnad lokale	483 042	250 687	7 395	50 876	792 000	760 000	4,2 %
Leige maskiner, inventar o.l.	26 530	32 439	342	689	60 000	60 000	0,0 %
Verkty, inventar og driftsmateriell	1 010 201	550 502	25 335	75 963	1 662 000	1 508 000	10,2 %
Deponiavgift	0	0	0	0	0	744 000	-100,0 %
Reparasjon og vedlikehald	1 539 197	1 781 429	84 171	115 203	3 520 000	3 123 000	12,7 %
Eksterne tenester	303 037	284 220	1 575	3 168	592 000	596 000	-0,7 %
Kontorkostnad, trykksak o.l.	584 983	145 809	6 710	13 498	751 000	760 000	-1,2 %
Telefon, porto o.l.	261 374	123 264	3 441	6 921	395 000	375 000	5,3 %
Kostnad transportmidlar	881 419	159 477	1 052	1 052	1 043 000	843 000	23,7 %
Kostnad og godtgj. for reiser, diett etc.	98 579	63 605	2 927	5 888	171 000	184 000	-7,1 %

Sals-, reklame- og representasjonskostnad	733 000	517 000	0	0	1 250 000	1 600 000	-21,9 %
Kontingent og g�aver	175 252	113 076	5 204	10 468	304 000	274 000	10,9 %
Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	151 336	982 776	4 280	8 609	1 147 000	636 000	80,3 %
Andre driftskostnader	86 183	25 683	377	758	113 000	98 000	15,3 %
Tap o.l.	0	100 000	0	0	100 000	100 000	0,0 %
SUM DRIFTSKOSTNADER	57 474 865	33 768 280	7 623 604	1 719 251	100 586 000	97 308 000	3,4 %
DRIFTSRESULTAT	-1 715 166	-470 462	-423 501	2 130	-2 607 000	-2 051 000	27,1 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER							
Finansinntekter	327 678	177 814	7 806	15 702	529 000	910 000	-41,9 %
Finanskostnader	216 512	151 352	46 305	17 832	432 000	743 000	-41,9 %
NETTO FINANSPOSTAR	111 166	26 462	-38 499	-2 130	97 000	167 000	-41,9 %
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR	-1 604 000	-444 000	-462 000	0	-2 510 000	-1 884 000	33,2 %
EKSTRAORD POSTAR	0	0	0	0	0	0	
Ekstraordin�r inntekt	0	0	0	0	0	0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	0	0	0	0	0	0	
PERIODERESULTAT	-1 604 000	-444 000	-462 000	0	-2 510 000	-1 884 000	33,2 %

Rekneskapspostar

Forklaring

Handsaming	Renovasjonsgebyr og slamgebyr vert auka. Ein forventar mottak av mindre mengder lettare ureina massar enn det ein forventa på same tid i fjor.
Transport	Kostnad til transport av avfall inn frå hushald aukar meir enn indeksen grunna einingsprisar som aukar ved auka tal kundar som leverer matavfall. Tendens til at mengda transport av næringsavfall som vert fakturert via NGIR aukar.
Sal	Ventar at sal av stein vert noko større enn det ein forventa på same tid i fjor basert på salet hittil i år. Prisen på glas- og metallemballasje aukar monaleg.
Leige	Budsjetterer med at tal konteinrar utleigd per måned vert som 1. halvår 2015.
Andre driftsinntekter	Små endringar.
Vareforbruk	Små endringar.
Handsaming av avfall	Ventar auka pris på forbrenning av restavfall basert på signal i marknaden. NGIR får nye prisar frå 01.04.2016.
Steinuttak	Salet av stein har teke seg opp og NGIR budsjetterer med at salet vil liggja på gjennomsnittet for siste halvanna år.
Transport inn	Litt lågare prisar på transport av slam etter nytt anbod.
Personal	Lønsauke på 3 %, litt auka bemanning, litt meir eigenkøyring av avfall.
Avskrivningar	Auka investeringar (sjå investeringsbudsjettet).
Transport ut	Mengda trykkimpregnert og reint treverk aukar.
Energi til produksjon	Kostnaden til straum og diesel er større enn førestt i førre budsjett.
Kostnad lokale	Mesteparten av endringa skuldast videoovervaking, no også på alle gjenvinningsstasjonane.
Leige maskiner, inventar o.l.	Inga endring.
Verkty, inventar og driftsmateriell	Indeksjustert gjennomsnitt siste 1,5 år.
Deponiavgift	Utgått frå 2015.
Reparasjon og vedlikehald	Indeksjustert gjennomsnitt av siste 1,5 år med vedlikehald av maskiner og utstyr + auka vedlikehald konteinrar.
Eksterne tenester	Små endringar.
Kontorkostnad, trykksak ol	Små endringar.
Telefon, porto o.l.	Litt auka kostnader grunna avtale med ny leverandør (for å få fiber til Kjevikdalen).
Kostnad transportmidlar	Auka eigentransport.
Kostnad og godtgj. for reiser, diett etc.	Indeksjustert gjennomsnitt siste 1,5 år.

Sals-, reklame- og representasjonskostnad	Posten til finansiering av ryddeaksjonar (t.d. strandrydding) ved bruk av inntekter frå næringsverksemd er redusert frå 750' til 400'.
Kontingent og gåver	Indeksjustert gjennomsnitt siste 1,5 år.
Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	Budsjettet for 2015 var sett for lågt til avsetjing til etterdriftsfond for avfall til deponi.
Andre driftskostnader	Bankgebyra aukar (og portoer minskar) etter kvart som meir og meir av faktura vert elektronisk overført (EHF, e-faktura, avtalegiro m.m).
Tap o.l.	Inga endring.
Finansinntekter	Lågare rentenivå.
Finanskostnader	Lågare rentenivå.

STYREMØTE

Møtedato: 13.10.15

Sak nr: 15/15


Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Renovasjonsgebyr 2016

Endring i gebyr frå 2015 til 2016

Renovasjonsgebyret var uendra i perioden 2012-2014 og auka med 2,9 % i 2015. Renovasjonsgebyret i 2016 må aukast for å dekkja auka kostnader. Auken vil vera mellom 4,3 % og 6,4 % alt etter kva abonnement ein har. Eit normalabonnement (som dei fleste har) vil få ei auke på 4,8 %. Auken i renovasjonsgebyret er i tråd med det som var kalkulert i økonomiplanen for 2015-2018. Under er det vist korleis endra kostnader frå 2015 til 2016 fordeler seg (per normalabonnement). Til høgre er det vist eit diagram som viser korleis kostnadene fordeler seg totalt i eit renovasjonsgebyr.

Personalkostnader	kr 60
Transportkostnader ut	kr 55
Handsaming av avfall	kr 19
Andre kostnader	kr 2
Endring i gebyr	kr 136



Personalkostnader

Lågare avfallsmengder frå næringslivet endrar fordeling av kostnader mellom hushald og næring slik at større delar av personalkostnadene vert belasta hushalda. Det er lagt inn auke med 0,5 stilling og lønsauke i tråd med SSB sine prognosar.

Transportkostnader ut

Mengda reint og malt treverk har auka ein del sidan 2014. Det vert budsjettert med auka kostnader per tonn grunna problematisk avsetjing. Mengda trykkimpregnert treverk har også auka monaleg siste par åra.

Handsaming av avfall

Mengda farleg avfall aukar og kostnaden følgjer deretter. Det same forholdet gjeld for trykkimpregnert treverk.

Andre kostnader

Dette omfattar alle andre forhold som påverkar gebyret.

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjammingsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 2 331 986 for 2016, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjammingsfondet.

Resultat 2016	-1 604 000
+ Rentekostnader	216 512
- Renteinntekter bankinnskot	262 878
- Kalkulatorisk rentekostnad	681 620
= Sjølvkostresultat	-2 331 986

Ujammingsfondet er forventa å verta redusert frå kr 5 801 936 per 01.01.2015 til kr 839 663 ved utgongen av budsjettåret, under føresetnad av at ein nyttar kr 2 714 013 av fondet i inneverande år som budsjettert.

Utjammingsfond 01.01.2015	5 801 936
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2015	-2 714 013
Kalkulert rente utjammingsfond 2015	54 489
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2016	-2 331 986
Kalkulert rente utjammingsfond 2016	29 238
Budsjettert utjammingsfond 31.12.2016	839 663

Renovasjonsgebyr 2016

Renovasjonsgebyr for 2015 (eks. mva.) er som fylgjer:

Renovasjonsgebyr 2015	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 520,00	kr 2 120,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 840,00	kr 2 440,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 160,00	kr 2 760,00
Hytterenovasjon		kr 1 420,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Ved kr 136 i auka gebyr frå 2015 til 2016 vil gebyra for 2016 (eks. mva.) verta som fylgjer:

Renovasjonsgebyr 2016	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 656,00	kr 2 256,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 976,00	kr 2 576,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 296,00	kr 2 896,00
Hytterenovasjon		kr 1 488,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Då Fedje kommune utfører ein del tenester sjølv, vil prisane til Fedje kommune (frå NGIR) vera kr 134 lågare per hushaldskunde og kr 67 lågare per hyttekunde.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr for hushald og hytter i 2016:

Renovasjonsgebyr 2016	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 656,00	kr 2 256,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 976,00	kr 2 576,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 296,00	kr 2 896,00
Hytterrenovasjon		kr 1 488,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.



STYREMØTE

Møtedato: 13.10.15

Sak nr: 16/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Slamgebyr 2016

Endring i gebyr frå 2015 til 2016

Slamgebyret vart halde uendra frå 2010-2015. Dette kunne gjerast då NGIR har hatt eit utjamningsfond å tæra av. Konsumprisindeksen frå januar 2010 til august 2015 auka til samanlikning med 9,9 %.

I økonomiplanen for 2015-2018 går det fram at *"dersom dagens kostnadsbilete heldt seg, må gebyret aukast med om lag 8,2 % (kvart år) i 2016, 2017 og 2018 for at utjamningsfondet skal vera kr 0 ved utgangen av 2018"*.

NGIR har fått ny kontrakt på innsamling av slam frå 01.01.2016. Dette gjev litt lågare einingsprisar på transport, men kostnaden til handsaming aukar meir enn føresett i økonomiplanen (sjå sak 13/15).

Det er budsjettert med kr 462 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert auka med 8,2 %. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet.

Gebyr septikslam private: kr 808
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 326

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 507 948 for 2016, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet:

Resultat 2016	-462 000
+ Rentekostnader	46 305
- Renteinntekter bankinnskot	7 806
- Kalkulatorisk rentekostnad	84 446
= Sjølvkostresultat	-507 948

Ujamningsfondet er venta å verta redusert frå kr 2 706 924 per 01.01.2015 til kr 1 091 053 ved utgangen av budsjettåret.

Utjamningsfond 01.01.2015	2 706 924
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2015	-1 173 942
Kalkulert rente utjamningsfond 2015	46 485
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2016	-507 948
Kalkulert rente utjamningsfond 2016	19 534
Budsjettert utjamningsfond 31.12.2016	1 091 053

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2016:

Gebyr septikslam private: kr 808

Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 326



STYREMØTE

Møtedato: 13.10.15

Sak nr: 17/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Økonomiplan 2016-2019

Vedlegg: Økonomiplan for åra 2016-2019

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2015-2018 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2016 til 2019. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjammingsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2016-2019.

Økonomiplan NGIR 2016-2019

Kvifor økonomiplan	s. 2
Generelt	s. 2
Oppgåver framover	s. 2
Økonomisk utvikling	s. 2-3
Investeringar	s. 4
Budsjett totalt	s. 5
Budsjett per avdeling	s. 6-7
Sjølvkostrekneskap og utjamningsfond	s. 7
Forventa utvikling av renovasjonsgebyr	s. 8

Innleiing

Kvifor økonomiplan

§ 23 i selskapsavtalen seier fylgjande:

Representantskapet vedtek selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventade utgifter og prioriterte oppgåver slik som t.d. investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalde eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Ein økonomiplan er eit grovt planleggings- og styringsverktøy.

Generelt

Det er i hovudsak fokusert på hushalda i økonomiplanen. Driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet er sett opp for heile selskapet og gebyra framover er stipulert for hushalda.

Oppgåver framover

Det er framleis usikkerheit knytt til kva oppgåver/utfordringar NGIR kan stå føre dei neste åra:

- Driftsløyvet kan verta endra og kan føra til endring i budsjetta. Det er i økonomiplanen berre teke omsyn til det som er kjent eller svært sannsynleg.
- Det er planlagt å etablere reinseanlegg planperioden og driftskostnadene med dette er førebels usikre.
- Kva tenester NGIR skal tilby kan endra seg som fylgje av endra krav/ynskjer frå eigarane, myndighetene eller kundane. Det er til dømes varsla auka målsetjingar for materialgjenvinning frå EU.
- Konkurransesituasjonen til NGIR kan endra seg.

Økonomisk utvikling

Det er vanskeleg å spå korleis kostnadene vil utvikle seg i åra framover. Ein har difor måtta støtta seg på diverse indeksar og føresetnader:

Inntekter

Handsamings- og transportinntekter vert auka i takt med tilhøyrande kostnader. Av forsiktighetsomsyn vert ein del andre inntekter haldne konstante på 2016-nivå.

Transportkostnader

Ein har føresett at kostnadene stig med 2,8 %, noko som er 0,5 prosentpoeng over gjennomsnittleg endring av SSB sin indeks for renovasjonstransport dei siste 3 åra. Det skal innhenta nye transportprisar i planperioden og dette kan gje positive eller negative utslag.

Avskrivningar

Avskrivningane er kalkulert ut frå forventa investeringar i perioden.

Rentekostnader

Det er føresett at lånerenta vil følgja utviklinga som Kommunalbanken forventar. Dette tilsvarar at renta skal stiga frå 1,5 % i 2016 til 2,25 % i 2019. Det er ikkje trong for låneopptak dei 2 første åra i perioden. Det er venta at langsiktige lån vil vera litt i overkant av 26 millionar kroner i slutten av perioden.

Alle andre kostnader

Ein har føresett at kostnadene aukar med 2,3 % årleg, noko som er 0,5 prosentpoeng over gjennomsnittleg endring av konsumprisindeks siste 5 åra. I tillegg er det lagt inn auka kostnader som følgje av forventa auka avfallsmengder.

Sjølvkostresultat og utjamningsfond

Utjamningsfonda er tenkt nytta i 2016 til 2019, slik at ein får ei jamn gebyrutvikling og utjamningsfond på kr 0 ved utgangen av 2019.

Gebyrutvikling

Hushald

Renovasjonsgebyret aukar med 4,8 % i 2016. Dette er i tråd med prognosen i økonomiplanen for 2015-2018. Frå 2016 til 2019 vil gebyret auka litt meir enn prisveksten grunna etablering av reinseanlegg, forventa auka avfallsmengder og oppbrukt utjamningsfond. Med dei føresetnader som ligg til grunn i økonomiplanen, vil renovasjonsgebyret auka 4,0 % - 4,4 % kvart år i perioden 2016-2019. Renovasjonsgebyret i 2018 ser ut til å liggja 1,7 % under det som var skissert i økonomiplanen for 2015-2018. Utjamningsfondet vil vera brukt opp i 2019.

Slam

Slamgebyret aukar med 8,2 % i 2016. Dette er i tråd med prognosen i økonomiplanen for 2015-2018. Gebyret har vore uendra i 6 år (2010-2015). Kontrakten NGIR har i dag på innsamling av slam går ut 31.12.2016 og kostnadsnivået i ny kontrakt frå 2016 er litt lågare enn i 2015, men handsamingskostnadene aukar. I førre økonomiplan var det budsjettert med at slamgebyret måtte aukast med om lag 8,2 % kvart år i perioden 2016-2018 for at utjamningsfondet skulle vera kr 0 ved utgangen av 2018. Prognosen no er ei auke på 6,3 % kvart år i åra 2017, 2018 og 2019 for at utjamningsfondet skal vera kr 0 ved utgangen av 2019.

Investeringar	2016	2017	2018	2019
Oppgradering deponi	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Hjullastar	2 000 000		2 000 000	
Truck	500 000	500 000		700 000
Trommelsikt slam	2 800 000			
Plate og hall til slamkompostering	5 000 000			
Rankevendar til slam	3 000 000			
Sorteringsmaskin		2 000 000		
Gravemaskin		2 000 000		
Betongplate til sortering av treverk		1 000 000		
Reinseanlegg sigevatn	13 000 000			
Lastebil	2 100 000	2 000 000		
Kvern		4 000 000		
Bygg		1 500 000	1 500 000	
Utviding administrasjonsbygg		4 000 000		
Tomteareal	3 000 000			
Energiutnytting fyllingsgass		1 500 000		
Konteinarar	2 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Dunkar	500 000	500 000	500 000	500 000
Diverse	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum	36 900 000	23 000 000	8 000 000	5 200 000

NGIR har ikkje trong for nye lån dei neste 2 åra under føresetnad at avsetjing til etterdriftsfond ikkje vert sett av på sperra konto.

Ein kan då skissera fylgjande utvikling av gjeld og avdrag:

Lånegjeld per 01.01.	31 800 000	27 825 000	23 850 000	27 075 000
Låneopptak	0	0	8 000 000	5 200 000
Avdrag	3 975 000	3 975 000	4 775 000	6 095 000
Lånegjeld per 31.12.	27 825 000	23 850 000	27 075 000	26 180 000

Langtidsbudsjett

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
DRIFTSINNTEKTER				
Handsaming	kr 46 452 000	kr 50 798 281	kr 53 592 108	kr 56 351 282
Transport	kr 36 874 000	kr 38 066 998	kr 39 506 713	kr 41 007 904
Sal	kr 12 588 000	kr 12 718 874	kr 12 718 320	kr 12 688 731
Leige	kr 1 968 000	kr 1 968 000	kr 1 968 000	kr 1 968 000
Andre driftsinntekter	kr 97 000	kr 97 000	kr 97 000	kr 97 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 97 979 000	kr 103 649 153	kr 107 882 141	kr 112 112 917
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	kr 1 455 000	kr 1 488 465	kr 1 522 700	kr 1 557 722
Handsaming av avfall	kr 6 047 000	kr 6 309 803	kr 6 584 027	kr 6 870 168
Steinuttak	kr 3 060 000	kr 3 060 000	kr 3 060 000	kr 3 060 000
Transport inn	kr 28 194 000	kr 28 983 432	kr 29 794 968	kr 30 629 227
Personal	kr 26 465 000	kr 27 341 928	kr 28 107 502	kr 28 894 512
Avskrivningar	kr 10 934 000	kr 13 188 681	kr 12 158 516	kr 10 375 349
Transport ut	kr 11 145 000	kr 11 686 201	kr 12 253 683	kr 12 848 722
Energi til produksjon	kr 1 386 000	kr 1 424 808	kr 1 507 447	kr 1 594 879
Kostnad lokale	kr 792 000	kr 810 216	kr 828 851	kr 847 915
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 60 000	kr 61 380	kr 62 792	kr 64 236
Verkty, inventar og driftsmateriell	kr 1 662 000	kr 1 700 226	kr 1 739 331	kr 1 779 336
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
Reparasjon og vedlikehald	kr 3 520 000	kr 3 685 131	kr 3 769 889	kr 3 856 596
Eksterne tenester	kr 592 000	kr 605 616	kr 619 545	kr 633 795
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 751 000	kr 768 273	kr 785 943	kr 804 020
Telefon, porto o.l.	kr 395 000	kr 404 085	kr 413 379	kr 422 887
Kostnad transportmidler	kr 1 043 000	kr 1 072 204	kr 1 102 226	kr 1 133 088
Kostnad og godtgj. for reiser, diett etc.	kr 171 000	kr 174 933	kr 178 956	kr 183 072
Salgs-, reklame- og representasjon	kr 1 250 000	kr 1 278 750	kr 1 308 161	kr 1 338 249
Kontingent og g�aver	kr 304 000	kr 310 992	kr 318 145	kr 325 462
Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	kr 1 147 000	kr 1 173 381	kr 1 200 369	kr 1 227 977
Andre driftskostnader	kr 113 000	kr 115 599	kr 118 258	kr 120 978
Tap o.l.	kr 100 000	kr 102 300	kr 104 653	kr 107 060
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 100 586 000	kr 105 746 404	kr 107 539 341	kr 108 675 250
DRIFTSRESULTAT	-kr 2 607 000	-kr 2 097 251	kr 342 801	kr 3 437 668
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 529 000	kr 292 129	kr 233 703	kr 186 962
Finanskostnader	kr 432 000	kr 452 156	kr 509 250	kr 599 119
NETTO FINANSPOSTAR	kr 97 000	-kr 160 028	-kr 275 547	-kr 412 156
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR	-kr 2 510 000	-kr 2 257 278	kr 67 254	kr 3 025 512
Ekstraordin�re postar	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0
RESULTAT	-kr 2 510 000	-kr 2 257 278	kr 67 254	kr 3 025 512

Langtidsbudsjett per avdeling

	2 016	2 016	2 016	2 016	2 017	2 017	2 017	2 017	2 018	2 018	2 018	2 018	2 019	2 019	2 019	2 019
	Hushald	Næring	Slam	Bilvrak	Hushald	Næring	Slam	Bilvrak	Hushald	Næring	Slam	Bilvrak	Hushald	Næring	Slam	Bilvrak
DRIFTSINNTEKTER																
Handsaming	24 794 000	20 315 000	1 343 000	0	26 881 680	22 489 589	1 427 012		29 145 146	22 930 682	1 516 280		31 599 197	23 140 953	1 611 132	
Transport	26 134 000	4 883 000	5 857 000	0	27 016 964	4 826 645	6 223 389		27 932 224	4 961 791	6 612 698		28 880 823	5 100 721	7 026 360	
Sal	4 738 240	6 128 586	0	1 721 174	4 738 240	6 128 586	0	1 852 048	4 738 240	6 128 586	0	1 851 494	4 738 240	6 128 586	0	1 821 905
Leige	3 459	1 964 232	103	207	3 459	1 964 232	103	207	3 459	1 964 232	103	207	3 459	1 964 232	103	207
Andre driftsinntekter	90 000	7 000	0	0	90 000	7 000	0	0	90 000	7 000	0	0	90 000	7 000	0	0
SUM DRIFTSINNTEKTER	55 759 699	33 297 818	7 200 103	1 721 380	58 730 343	35 416 052	7 650 504	1 852 254	61 909 069	35 992 291	8 129 081	1 851 700	65 311 719	36 341 493	8 637 595	1 822 111
DRIFTSKOSTNADER																
Vareforbruk	873 208	289 792	292 000	0	893 292	296 457	298 716	0	913 837	303 276	305 586	0	934 856	310 251	312 615	0
Ekstern handsaming av avfall	3 614 444	2 432 556	0	0	3 771 528	2 538 275	0	0	3 935 439	2 648 588	0	0	4 106 473	2 763 696	0	0
Steinuttak	0	3 060 000	0	0	0	3 060 000	0	0	0	3 060 000	0	0	0	3 060 000	0	0
Transport inn	17 887 000	4 791 000	5 516 000	0	18 387 836	4 925 148	5 670 448	0	18 902 695	5 063 052	5 829 221	0	19 431 971	5 204 818	5 992 439	0
Personal	15 256 732	9 843 935	453 028	911 305	15 683 921	10 119 565	601 621	936 821	16 123 070	10 402 913	618 467	963 052	16 574 516	10 694 195	635 784	990 018
Avskrivningar	5 480 402	3 831 261	1 172 174	450 163	6 610 506	4 621 299	1 413 886	542 991	6 094 161	4 260 330	1 303 447	500 578	5 200 392	3 635 510	1 112 284	427 163
Transport ut	7 365 366	3 779 634	0	0	7 723 029	3 963 173	0	0	8 098 059	4 155 624	0	0	8 491 301	4 357 421	0	0
Energi til produksjon	663 579	610 136	47 595	64 690	682 159	627 220	48 927	66 502	721 725	663 598	51 765	70 359	763 585	702 087	54 767	74 440
Kostnad lokale	483 042	250 687	7 395	50 876	494 152	256 453	7 565	52 046	505 518	262 351	7 739	53 243	517 145	268 385	7 917	54 467
Leige maskiner, inventar o.l.	26 530	32 439	342	689	27 140	33 185	350	705	27 764	33 949	358	721	28 403	34 729	367	737
Verkty, inventar og driftsmateriell	1 010 201	550 502	25 335	75 963	1 033 436	563 163	25 917	77 710	1 057 205	576 116	26 513	79 497	1 081 520	589 367	27 123	81 326
Deponiavgift	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Reparasjon og vedlikehald	1 539 197	1 781 429	84 171	115 203	1 574 598	1 822 402	170 277	117 853	1 610 814	1 864 317	174 194	120 563	1 647 863	1 907 197	178 200	123 336
Framand teneste	303 037	284 220	1 575	3 168	310 007	290 757	1 611	3 241	317 137	297 445	1 648	3 315	324 431	304 286	1 686	3 392
Kontorkostnad, trykksak ol	584 983	145 809	6 710	13 498	598 438	149 162	6 865	13 809	612 202	152 593	7 022	14 126	626 282	156 102	7 184	14 451
Telefon, porto o.l.	261 374	123 264	3 441	6 921	267 386	126 099	3 520	7 080	273 535	128 999	3 601	7 243	279 827	131 966	3 684	7 410
Kostnad transportmidler	881 419	159 477	1 052	1 052	906 099	163 942	1 081	1 081	931 470	168 532	1 112	1 112	957 551	173 251	1 143	1 143
Kostnad og godtgj. for reiser, diett etc.	98 579	63 605	2 927	5 888	100 847	65 068	2 995	6 024	103 166	66 565	3 063	6 162	105 539	68 096	3 134	6 304
Salgs-, reklame- og representasjon	733 000	517 000	0	0	749 859	528 891	0	0	767 106	541 055	0	0	784 749	553 500	0	0
Kontingent og g�aver	175 252	113 076	5 204	10 468	179 283	115 677	5 324	10 709	183 406	118 337	5 446	10 955	187 625	121 059	5 571	11 207
Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	151 336	982 776	4 280	8 609	154 817	1 005 380	4 378	8 807	158 378	1 028 503	4 479	9 009	162 020	1 052 159	4 582	9 216
Andre driftskostnader	86 183	25 683	377	758	88 165	26 274	385	775	90 193	26 878	394	793	92 267	27 496	403	811
Tap o.l.	0	100 000	0	0	0	102 300	0	0	0	104 653	0	0	0	107 060	0	0
SUM DRIFTSKOSTNADER	57 474 865	33 768 280	7 623 604	1 719 251	60 236 496	35 399 889	8 263 866	1 846 152	61 426 880	35 927 676	8 344 056	1 840 729	62 298 315	36 222 631	8 348 882	1 805 421
DRIFTSRESULTAT	-1 715 166	-470 462	-423 501	2 130	-1 506 153	16 162	-613 362	6 102	482 189	64 615	-214 975	10 971	3 013 404	118 861	288 713	16 690

FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER																
Finansinntekter	327 678	177 814	7 806	15 702	131 071	142 251	6 245	12 562	104 857	113 801	4 996	10 049	83 886	91 041	3 997	8 039
Finanskostnader	216 512	151 352	46 305	17 832	226 614	158 413	48 465	18 664	255 229	178 416	54 585	21 020	300 270	209 902	64 218	24 730
NETTO FINANSPOSTAR	111 166	26 462	-38 499	-2 130	-95 543	-16 162	-42 220	-6 102	-150 372	-64 615	-49 589	-10 971	-216 384	-118 861	-60 221	-16 690
RES FØR EKSTRAORD. POSTAR	-1 604 000	-444 000	-462 000	0	-1 601 696	0	-655 583	0	331 818	0	-264 564	0	2 797 020	0	228 492	0
EKSTRAORD POSTAR	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ekstraordinær inntekt	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RESULTAT	-1 604 000	-444 000	-462 000	0	-1 601 696	0	-655 583	0	331 818	0	-264 564	0	2 797 020	0	228 492	0

Sjølvcostresultat og utjammingsfond

	2 016		2 017		2 018		2 019	
	Hushald	Slam	Hushald	Slam	Hushald	Slam	Hushald	Slam
Resultat	-1 604 000	-462 000	-1 601 696	-655 583	331 818	-264 564	2 797 020	228 492
+ Rentekostnader	216 512	0	226 614	48 465	255 229	54 585	300 270	64 218
- Renteinntekter bankinnskott	262 878	7 806	65 536	3 122	52 429	2 498	41 943	1 998
- Kalkulatorisk rentekostnad	681 620	84 446	849 498	192 873	963 223	206 396	971 354	204 631
= Sjølvcostresultat	-2 331 986	-554 252	-2 290 116	-803 113	-428 605	-418 873	2 083 993	86 080
Utjammingsfond 01.01.	3 142 412	1 579 467	839 663	1 091 053	-1 468 165	327 931	-2 009 495	-83 003
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond	-2 331 986	-507 948	-2 290 116	-803 113	-428 605	-418 873	2 083 993	86 080
Kalkulatorisk rente utjammingsfond	29 238	19 534	-17 713	39 991	-112 725	7 939	-74 497	-3 077
Utjammingsfond 31.12.	839 663	1 091 053	-1 468 165	327 931	-2 009 495	-83 003	0	0

Gebyrutvikling 2004-2019

